

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Fylke: Nordland.

Tilleggsspørsmål nr. 7

Herad: Kjerringøy.

Emne: Skav.

Bygdelag: Os.

Oppskr. av: E. Tidemann.

Gard: Stranda

(adresse): Kjerringøy.

G.nr. 46 Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eigi røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. I dei bygdelag eg er kjend i Nordland har det vore så lite av krøterhandlarar at det er jamgodt med inkje noke. Eg er no noke over 70 år og berre ein einaste gong veit eg om at ein einskild person drog rundt i bygda og kjøpte op kyr. Han drog ikring i Sørfold og her i Kjerringøy og kjøpte opp kyr som han skipa til Trondheim. Men det var sagt etterpå at han sveid fingrane sine på den forretninga og kom ikkje att meir.

Det er jo greidt at under slike tilhøve kunne det ikkje bli tala om kva dyra hadde ete eller ikkje ete. På den andre sida må eg nemne at den einaste bygda ~~XXX~~ av dei eg er kjend, så var det i Sørfold herad dei bruka skav til attåtfor som det kunne bli noke mun i. I mi barndoms bygd, Meløy på Helgeland, kunne det hende at det vart bruka skav som attåtfor, men det var berre dei åra voren vart meir enn vanleg lang.

I Sørfold var eg frå 1913 til 1921. Dei åra var det nokre fjellgardar som bruka skav og ris av selje, rogn og bjørk som attåtfor. At dei leit noke på det attåtforet det trur eg nok, men i kva mun, fekk eg ikkje tak i. I 1921 kom eg hit til Kjerringøy. Dei første åra eg var her var ~~XXXXXXXXXX~~ det sume som bruka attåtfor, men det var mest tang og tare. Bøndene var då slutta å bruke ris og skav til attåtfor. No er det heilt slutt med å dra bung. Dei har funne ut at det løner seg betre å fore 2 kyr godt, enn å svelte fore 3.

2. Det var ingen som bruka så mykje skav at kjøttet vart useljande. Det var ellest få som selde dyr, slakta eller levande, om vinteren. Dei fleste selde om hausten. Og var det ein eller annan som emna på salg av ein graver eller ein oksplyt så vart ikkje dei dyra fers med skav eller ris. Kvifer visste dei nok ikkje sjølv, dei fleste. Men sume nemnde at fekk dyret skav eller ris vart kjøttet ikkje pent. Kjøttet vart mørkt og talgen gul. Og det var det same kva slags skav dei fekk, anten rogn eller bjørksskav.

3. Dei som bruka skav som attåtfor gav aldri mjølkakua skav. Fekk ei mjølkaku bjørksskav vart ho turr, ho slutta å mjølke. Der i mot skulle skav og ris av rogn ikkje ha så stor skadeverknad. Fekk kua noke av det skulle mjølka bli feit og smøret gult. Eg har aldri høyrd om at kalvar eller grisungar skulle få magaknipe om dei fekk mjølk av ku som hadde ete skav.

4. Kor mykje skav som vart bruka til ein buskap, har eg ikkje fått klårlagt av noken. Frå barndomstida mi veit eg

ikkje om nokon som sett dyr på fjøsen med tanke på å berga dei fram med skav. Skavet vart, som før sagt, nytta som naudhjelp, når vinteren vart lenger enn vanleg. På fjellgardane i Sørfold ferdest eg ikkje så mykje at eg fekk så granverne opplysningar. Her i bygda har attåt=foret vore tang og tare. No er det ingen som sett husdyr på bås med tanke på å livberge dei med attåtfor. Og om ein eller annan har rekna feil og får for lite vinterfor så vert det no ikkje tale om "å dra attåt" med ris og skav, tang eller tare. No vert det kjøpt stråfor og kraft=for. Og vert det retteleg gale så er det å repe på "staten". Han er naudankeret både for ku og sau i våre dagar.

5. Skavelen laga vi av utbruka ljågar. Vinkelen mellom bitjarnet og skaftet var ikring 70 a 75 grader. Ellest kunne det ymse noko, kanskje heilt ner i 60 grader. Men då var det fåre før at skavelen kunne skave ved saman med berken, og det måtte han ikkje gjera. Det var sjeldan at skavelen vart nytta til anna arbeid enn å skave bork med. Han var helst før veik til utholningsarbeid. Til det vart det helst bruka ein bøygd kniv - kromkniv.

6. Eg har ikkje kjennskap til reidskapet skavel-ljåg. Når ein skov før å bruka skavet til dyra måtte det vera både smått og tynt. Vart det bruka ljåg eller kniv til å skava med vart skavflisene alt før tjukke, og det kunne bli ved med i skvflisa. Då åt dyra ikkje skavet.

7. Dei gardane som ikkje hadde skavskog bruka heller ikkje skav. Her i bygda var det lett å få tak i anna attåtfor, tang og tare. Tang kunne dei ta kor som helst tanget vaks, og når dei rodde ut om været kunne dei ta så mykje tare dei berre orka. Skavet vart ikkje noko livsvilkår om ein eller annan fekk bunød. Ingen kjøpte skavtre i annan manns skog, og heller ikkje var det noken som leide.

8. Utskiiftinga av skogen her i bygda gjekk før seg i 1880 åra. Då vart mest all skog utskifta. Berre ei lita grend har noko lite skog i sameige. Det sameige gjeld berre den grenda, og skogen ligg så langt borte at han har liten tydnad for grenda. Almenning finns ikkje her i bygda.

10. Husmennene hadde ingen rett til å ta skav ei skogen åt husbonden.

Det er fortalt for meg at før skogen vart skifta hende det at kvinner og ungar dro til skogs på skaving. Det var regna dei då var ute etter. Då tok dei regn kvar dei fann det treet, hogg og drog i saman, kvista og skov. Skavet sap=pa dei i sekkar og bar heim, men skjevvelen lødde dei i la. Sume tider vart desse vedlada liggande der i skogen til dei retna ner. Eg har sidan eg kom hit til bygda funne slike attstøder etter oppretna skjevvellad ute i fjella.

11. Ordet skavhelle er ukjent her i bygda. Noko tru, eller øvtru, på nisse, tuftekall eller gobonde har eg ikkje råka på her i bygda.

Øvtruene her var helst knyta til sjøen og sjøbruket.

Kjerringøy i mars 1954.

Edmann



Undersida



Sett frå sida.

Tid.

 $\frac{1}{2}$ storleik.

Rit av ein skavl eg sjølv laga før ikring 30 år sidan.

Mars 1954
 Tidmann